

Velkommen til opning av nye Kaupanger Tømmerkai!

- Eksport og sjøtransport av tømmer frå Sogn og Fjordane.

Kaupanger tømmerkai er den sentrale tømmerkaien for indre Sogn i Sogn og Fjordane fylke. I mars 2015 vert utbygginga av kaifronten ved Kaupanger tømmerkai ferdigstilt. Prosjektet er delvis finanisert av midlar til tømmerkaiar over LMD sitt budsjett, og mogleggjer ein meir rasjonell og kostnadseffektiv logistikk av tømmer over kaifronten. Dette er det første av mange kaiprosjekt som må utbyggast for å realisere verdien i tømmerressursane frå skogreisingsprosjektet på Vestlandet.

Landbruks- og matminister Sylvi Listhaug opnar nye Kaupanger tømmerkai måndag 23.03.15 kl 10.30 på kaifronten i Amlabukti i Kaupanger, Sogndal kommune. Vi håpar du har lyst å vere med oss og markere dette!

Etter opninga på kaien vert det lagt opp til mottakelse, mat og møte om realiseringa av skogreisninga i Sogn og Fjordane – med utgangspunkt i tømmer- og trelastmarknaden som vestlandstømmeret er ein del av.

Tid		Stad
10.30	Velkomst og informasjon om dagen v/Ingunn Kjelstad og Gaute Nøkleholm	Tømmerkaien
	Opning av nye Kaupanger tømmerkai v/Landbruks- og matminister Sylvi Listhaug	
	Evt helsingar – max 2 minutt per stykk	
	Vandring opp til Knaken	
11.30	Mat og mottakelse på Knaken kafè	Knaken kafè
12.00	Utbygging av vegar og kaiar i kystskogfylka - visjonar for framtida v/Landbruks- og matminister Sylvi Listhaug	
12.15	Europeisk trelastindustri – tømmermarknaden for vestlandsvirket v/Managing Director Carsten Doehring, Ilim Wismar	
12.30	Moglegheitsstudiet for treforbrukande industri i Sogn og Fjordane v/Carlos Myrebøe, Tretknisk Institutt	
12.45	Vestlandsvirket som del av strategi for norsk trelastindustri? v/administrerande direktør Morten Kristiansen, Moelven Industrier	
13.00	Oppsummering og avslutning	

Påmelding til helge@kystskogbruket.no innan 1. mars 2015.

Med vennleg helsing
Sogn og Fjordane Skogeigarlag SA, Norskog og Kystskogbruket